

— 9 —

av stein, bein eller horn) syner oss eit folk, som hev livberga seg med veiding og fising, og hev butt i folketunne grender mest fram med havsida (alt nord til Salta). Dei meiner at steinalderen her i landet hev vart fleire tusund aar, til umkr. 1500 aar fyre Kristi fødsel.

Me finn ogso far etter folk, som hev brukt bronse, det er kopar blanda med noko tin, til vaapn og ambod; dei hev kjent til gull ogso, men ikkje andre metal. Desse folki hev havt ikkje so lite kultur; dei hev havt fullt gardsbruk; dei hev vore hage til aa veva, og hev drive mykje med sigling. Fraa denne tidi, *bronsealderen*, er *helleritningarne* med bilæte av menneskje, dyr, skip o. m. innhogne paa svadberg ymse stader i landet. Ogso i denne alderen er det sjøbygderne — til nordst paa Helgeland — som er rikaste paa funder, allermest Jæren; men der er merke etter folk inne i landet og, alt upp i fjellbygderne. Dei reknar bronsealderen hev vart til umkr. 300 f. Kr.

Der er ingi minneskrift fraa steinalderen og bronsealderen, som kann fortelja oss kva maal dei tala i desse forne tider, so me veit ikkje med full vissa kva folk det hev vore; men der er mykje som gjer det trulegt at det hev vore nordmenn, i v i s s a i b r o n s e a l d e r e n .

Endeleg finn me fornminne etter folk som hev kjent til jarn, sylv, bly, glas og andre emne, umfram deim me hev nemnt fyrr. Denne tidi kallar me *jarnalderen*; han rekk fraa 300 fyre Kr. til umkr. 1000 etter Kr.

Dei plar skilja millom den *eldre* og den *ynge* jarnalderen.

Fraa den *eldre jarnalderen* hev me mange jordfunder, mest i gravhaugar som er runde. I fyrstingi av den tidi til fram imot Kristi fødsel syner